



Statsråd Jan Tore Sanner
KMD kommunal og Moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 25.06.2014
Vår ref.: 2014/474-4
Saksbehandlar: terinde
Dykkar ref.:

Søknad om kr. 4 mill. i tilskott til nasjonalt ÉCONOMUSÉE prosjekt.

Vi viser til vår orientering til politisk leiing i KMD om NPP Interreg Craft International/ ÉCONOMUSÉE prosjektet som vart avslutta 31. mars 2014. Hordaland fylkeskommune har vært Lead partner for EU prosjektet som har vært eit omfattande samarbeidsprosjekt mellom 8 land i Nord-Europa.

Det internasjonale EU prosjektet har blitt til ei lita suksesshistorie, der ein i fylka Sogn og fjordane, Hordaland og Rogaland har fått etablert 10 nye attraksjonsbedrifter innan ulike former for handverk og matproduksjon. ÉCONOMUSÉE har til formål å verne om den handbarne kulturarva ved å transformere private verksemder til å verte turistattraksjonar i sine lokalsamfunn. ÉCONOMUSÉE resulterer i auka verdiskaping og status for handverkarane, og gjer dei økonomisk berekraftige. Det er i løpet av prosjektperioden 2008-2014 blitt utvikla eit omfattande nettverk av ÉCONOMUSÉE bedrifter frå Vancouver i det vestlege Canada, heilt til Jämtlandsregionen i aust. Nettverket som strekk seg over dei nordatlantiske områda sikrar fellesskap og erfaringsutveksling mellom folk som elles kan mangle møteplassar, som er so viktig i alle andre bransjar.

I Noreg er det mange fylker og handverksbedrifter som ønskjer både å vere med i eit nasjonalt prosjekt for utvikling av nye ÉCONOMUSÉE i sine regionar og for å delta i gjennomføringa av eit nasjonalt utviklingsprosjekt.

Hordaland fylkeskommune ønskjer på denne bakgrunn å ta ansvar for eit nasjonalt regionalpolitisk utviklingsprosjekt. Sak om ein nasjonal søknad har blitt politisk handsama av Kultur og Ressursutvalet 4.juni og av Fylkesutvalet i Hordland fylkeskommune 19.juni, der ein samrøystes har vedteke:

1. Fylkesutvalet tek statusmelding for EU prosjektet Craft International/Economusee til orientering
2. Fylkesutvalet godkjenner at det vert sendt inn ein søknad til KMD om eit nasjonalt Economusee prosjekt.
3. Under føresetnad av eit positivt vedtak frå KMD, tek Hordaland fylkeskommune på seg prosjektansvaret for eit nasjonalt Economusee utviklingsprosjektet.
4. Hordaland fylkeskommune sin økonomiske medverknad i det nasjonale Economusee prosjektet er knytt til ein eigeninnsats tilsvarande inntil 50% stilling.
5. Prosjektleiinga vert lagt ut til ekstern samarbeidspart på grunnlag av avtale med Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune voner på ei positiv handsaming av søknaden.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Søknad om tilskott på kr. 4 mill til eit nasjonalt ÉCONOMUSÉE prosjekt.